



Søre Sunnmøre IKT

Årsmelding 2020

Søre Sunnmøre IKT

Innhald

Om samarbeidet.....	3
Styret	3
Aktivitetar - rapport frå dagleg leiar.....	4
Organisering.....	4
Økonomi og rekneskap	6
Rekneskap.....	6
Drift	6
Brukarundersøking.....	9
Medarbeidarundersøking	9
Rapport frå avdelingane.....	10
Årsmelding 2020, avdeling driftssenter.....	10
Generelt.....	10
Fagsystem	10
Infrastruktur	11
Årsmelding 2020, avdeling brukarstøtte og prosjekt	13
Årsmelding 2020, avdeling fagområde	14
Fagområde – helse og omsorg	14
Fagområde – oppvekst.....	16
Fagområde – Økonomi og løn	17
Fagområde - Sak- arkiv og portal.....	19

Om samarbeidet

Søre Sunnmøre IKT er eit interkommunalt samarbeid med utgangspunkt i §27 i kommunelova. Vi leverer tenester innan IKT-drift og utvikling til kommunane i samarbeidet. Serverrommet og driftssenteret er lokalisert i rådhuset på Hareid. Kontorlokala og brukarstøtte er på Reitenbygget i Ulsteinvik. Målsettinga til selskapet er å levere stabile og kostnadseffektive IKT-tenester, samt å ha fornøgde brukarar.

Vi er eige rettssubjekt og alle som arbeidar her er tilsette i selskapet. Selskapet vert ofte omtala som SSIKT, som er ei forkorting for Søre Sunnmøre IKT. Kommunane som er med i samarbeider er: Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta. Det er til saman ca. 49.000 innbyggjarar i desse kommunane.

Selskapet vart skipa 17.10.2017, men vart formelt starta 01.01.2018 då dei fleste tilsette frå kommunane sine IKT-avdelingar vart ført over til det nye selskapet.

Samarbeidet på IKT mellom kommunane her på Søre Sunnmøre går heilt tilbake til 2005 då det vart kjøpt nytt sak/arkiv system på eit felles anbod. Sidan dette har samarbeidet utvikla seg til eit eige selskap, som no leverer alle dei IKT-tenestene i kommunane, som tidlegare var ivaretatt av lokale IKT-avdelingar.

Selskapet har per 31.12.2020, 25 stillingsheimlar, med 23 tilsette fordelt på 22 årsverk. Dei tilsette er fordelt på 8 kvinner og 15 menn. Samarbeidet har ein løns- og tilsettingspolitikk som ikkje er diskriminerande.

Sjukefråværet i 2020 var på 8,7 %, fordelt på 7,1 % langtid og 1,6 % korttid.

Selskapet har ikkje aktivitet som påverkar det ytre miljøet.

Styret

Styret til Søre Sunnmøre IKT består av ein representant frå kvar av eigarkommunane.

Styremedlemar per 31.12.2020:

Dag Vaagen - Sande kommune (styreleiar)

Ane Malene Søvik Nygård - Vanylven kommune

Bjørn Prytz - Herøy kommune

Monica Cecilie Torp - Ulstein kommune

Eivind Longva - Hareid kommune

Asbjørn Moltadal - Volda kommune

Eldar Rune Øye - Ørsta kommune

Det er halde 3 styremøter i 2020.

Aktivitetar - rapport frå dagleg leiar

2020 vart eit spesielt år for oss alle, og inntoget av Covid-19 baud på nokre utfordringar. Då Noreg stengde ned 12.03.2020 vart det på mange måtar ein merkedag, også for den digitale framtida. Frå ein dag til ein annan vart ein stor del av arbeidstakarane tvinga til å sitje på heimekontor, og elevar måtte sitje heime og vere ein del av digital undervisning. Møter skulle gå over til å vere digitale, legekonsultasjonar skulle skje over video så langt det let seg gjere, kommunane måtte etablere teststasjonar og coronatelefonar - og alt skulle skje over natta. IKT-løysingar har vore ein sentral del i mykje av denne omstillinga, og det har vore ei spanande, lærerik og krevjande tid.


Vi hadde allereie ei heimekontorløysing på plass og har rigga vår leveranse på ein slik måte, at vi kunne handtere ein kraftig auke av tilsette som skal nytte heimekontor. Vi leverer våre tenester til heimekontor ved hjelp av Citrix Apps and Desktops, og hadde allereie to-faktorautentisering på plass slik at ein også kunne nå system i sikker sone via heimekontorløysinga.

Vi hadde også ei løysing for samhandling og videomøter på plass, Cisco Webex. Nokre kommunar var allereie godt i gang med å bruke denne løysinga, medan det var relativt nytt og ukjent for dei fleste av kommunane. Vi såg ein sterk auke i bruken av Webex i midten av mars, og Covid-19 har synt at geografi ikkje er ei hindring for samarbeid. Nye samarbeidsformer har vakse fram, og digitale samhandlingsverktøy har vorte tekne i bruk i stort omfang både til møteavvikling, og samlingar som tradisjonelt sett har føregått fysisk.

Ikkje overraskande syner undersøkingar at nedstenginga har vore ein katalysator for endring og har hatt stor påverknad på den digitale agendaen, samstundes som det for mange har vore ei brutal bratt læringskurve. Pandemien fjerna litt av den endringsmotstanden vi gjerne har i oss, når alle måtte kaste seg rundt for å henge med i den nye arbeidskvarden. No ser vi at debattane om kva som medfører varig endring, kva som har vore klokt og mindre klokt og kva har fungert bra og ikkje dukkar opp. Mange trur at pandemien har ført til ei varig endring i arbeidskvarden vår og at vi ikkje vil gå tilbake til slik ting var før. Det har uansett vore ei lærerik tid, som har gitt oss nokre erfaringar vi tek med oss vidare.

Organisering

Etter at ny kommunelov vart vedtatt 8. juni 2018 er det klart at §27 samarbeidsforma går ut og vert erstatta av to nye samarbeidsformer, kommunalt oppgåvafellesskap og interkommunalt politisk råd. Interkommunalt samarbeid organisert etter kommunelova av 1992 §27 må vere omdanna til ein lovleg samarbeidsmodell innan fire år etter at den nye kommunelova trer i kraft. I den samanheng hadde kommunane eit ynskje om at ein samstundes skulle sjå på styringslinjene i samarbeidet, struktur for digitalisering og revidering av tenestenivåavtale (SLA) og tenestekatalog, som skildrar ansvarsforholdet mellom kommunane og SSIKT. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal kome med ei tilråding, og dette arbeidet held fram i 2021.



Figur 1: organisasjonskart pr. 01.01.2020

Etter litt over 3 år som dagleg leiar i SSIKT valte Guttorm å seie opp stillinga si. Han sluttar i SSIKT i august 2020 og Guro Gausemel er konstituert dagleg leiar inntil vidare. Vi takkar for innsatsen og ynskjer lukke til vidare. Det er ikkje gjort konstituering i stillinga til Guro, så inntil vidare består leiargruppa av Guro Gausemel og Odd Arild Djupvik.

Vi har organisert oss i tre avdelingar:

- Driftssenteret
- Brukarstøtte / prosjekt
- Fagområde

Sjølv om nokre prosjekt har vorte forsinka grunna Covid-19, har det likevel skjedd mykje i våre avdelingar. Kvar avdeling/fagområde presenterer sine aktivitetar i eigne avsnitt seinare i årsmeldinga.

Gjennom deler av 2019 og vidare i 2020 har Guttorm Rimstad/Guro Gausemel og Evelyn Haram Larsen vore med i to forskjellege referansegrupper for Helseplattformen.

Helseplattformen AS har som mål å innføre felles elektronisk pasientjournal for heile helsetenesta i Midt-Norge, det vil seie helseføretak, kommunar, fastleggar og private aktørar. Ein ynskjer ein meir samanhengande helseteneste for pasientar og tilsette i heile regionen og tilgang på alle naudsynte helseopplysningar på tvers av fagområda. Vi deltek i desse referansegruppene for å sikre at kommunane sine interesser vert ivaretakne.

Digi MR – Guro Gausemel deltek i prosjektgruppe for digitalisering i Møre og Romsdal. Digi Møre og Romsdal er eit strukturert digitaliseringssamarbeid som har som mål å bidra til auka kvalitet, sikre kostnadseffektive, innovative løysingar og skape eit meir berekraftig samfunn. Alle kommunane i Møre og Romsdal samt Møre og Romsdal fylkeskommune er deltakarar i prosjektet.

Økonomi og rekneskap

Fordeling av kostnadar:

Kostnadane til selskapet vert fordelt på kommunane via ein fast fordelingsnøkkel, denne vart endra til 30/70 i 2020. 30% vert fordelt flatt på kommunane i samarbeidet og 70% vert fordelt etter innbyggjartal i kvar kommune. For 2019 var nøkkelen 40/60.

Prosentvis fordeling vert som følger:

Hareid	Herøy	Ørsta	Volda	Sande	Vanylven	Ulstein
10,4 %	18 %	21,8 %	21 %	5 %	6,4 %	17,4 %

Enkelte områder vert ikkje fordelt på alle deltakar kommunane, så den eksakte summen vil avvike litt frå desse % tala. Folketalet er henta frå SSB pr. 2. kvartal 2020

Rekneskap

Drift

Selskapet har for 2020 eit driftsbudsjett på kr. **50 910 917,-**

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på Kr. 4 818 685,-

Av mindreforbruket vert Kr. 4 818 685 satt av til fond slik det er vedteke i vedtekten.

Vi har noko avvik mot budsjett, dette skuldast hovudsakleg:

- Covid-19 førte til at ein del planlagde aktivitetar ikkje vart gjennomført. Kurs og reiseutgifter har vore mykje lågare enn forventa.
- I tillegg førte covid 19 til at fleire av investeringsprosjekta ikkje vart fullført i 2020 slik som planlagt. Dei fleste prosjekta er starta opp og midlane vert overført til 2021 for fullføring av prosjekt.
- Det er ikkje budsjettert med renteinntekter, kantinetrekk og OU.
- Minsteavdrag og renter for 2020 vart lågare enn det som var budsjettert. Dette vert budsjettert og fakturert ut til kommunane basert på ei utrekning av forventa minsteavdrag og rentesats.

Under ligg oversikt over drift og investeringsrekneskapen. Fullt rekneskap ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Oversikt over drift frå rekneskapen

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift**Rekneskap**

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2020	Justeret budsjett 2020	Reguleringer 2020	Opphavelig budsjett 2020	Rekneskap 2019
Driftsinntekter					
Rammetilskot	0	0	0	0	0
Inntekts- og formuesskatt	0	0	0	0	0
Eigedomsskatt	0	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskot frå staten	0	0	0	0	0
Overføringer og tilskot frå andre	-56 253 005	-50 910 917	-8 854 458,00	-42 056 459,00	-42 884 584
Brukarter	0	0	0	0	0
Sals- og leigeinntekter	-30 900	0	0	0	-73 860
Sum driftsinntekter	-56 283 905	-50 910 917	-8 854 458	-42 056 459	-42 958 444
Driftsutgifter					
Lønsutgifter	14 604 531	16 782 009	1 067 758,00	15 714 251,00	15 125 294
Sosiale utgifter	3 635 172	4 869 208	0	4 869 208,00	3 929 224
Kjøp av varer og tenester	21 803 500	21 518 000	50 000,00	21 468 000,00	17 352 532
Overføringer og tilskot til andre	5 257 344	0	0	0	6 295 031
Avskrivningar	7 504 167	7 504 167	7 504 167,00	0	0
Sum driftsutgifter	52 804 714	50 673 384	8 621 925	42 051 459	42 702 081
Brutto driftsresultat	-3 479 191	-237 533	-232 533	-5 000	-256 363
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	-432 046	0	0	0	-157 228
Utbytte	0	0	0	0	0
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	0	156 700	151 700,00	5 000,00	0
Renteutgifter	549 307	0	0	0	136 619
Avdrag på lån	6 047 412	7 585 000	7 585 000,00	0	0
Netto finansutgifter	6 164 673	7 741 700	7 736 700	5 000	-20 609
Motpost avskrivningar	-7 504 167	-7 504 167	-7 504 167,00	0	0
Netto driftsresultat	-4 818 685	0	0	0	-276 971
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	7 643 500	2 824 815	2 824 815,00	0	2 000 000
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-2 824 815	-2 824 815	-2 824 815,00	0	-4 547 844
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	4 818 685	0	0	0	-2 547 844
Fremført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	-2 824 815
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0

Oversikt over investeringsbudsjett i rekneskapen

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering

Rekneskap til fordeling

Tal i 1 kroner	Rekneskap 2020	Justeringer 2020	Justert budsjett 2020	Opphaveleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
Frå bevillingsoversikt:					
Investeringar til fordeling (netto)					
	13 991 547	8 918 929	22 148 194,00	13 229 265,00	32 644 011
Fordeling på prosjekt					
Hardware driftssenter 2020	3 204 881	0	375 000	375 000	0
Nettverksutstyr kommunar 2020	4 078 243	0	4 031 250	4 031 250	0
Software driftssenteret 2020	344 578	0	4 000 000	4 000 000	0
Covid-19	382 500	0	375 000	375 000	0
Utviding serverrom	440 515	0	382 500	382 500	0
Egenkapitaltilskot	11 939	11 939	452 454	440 515	9 682
Maskinvara driftssenteret	0	276 455	276 455	0	3 395 427
Programvare driftssenteret	0	61 571	61 571	0	1 293 729
IP-Telefoni	2 236 581	2 369 093	2 994 093	625 000	1 599 337
Innkjøp av EDB utstyr frå samarbeidskommunane	0	0	1 125 000		20 573 920
Gericca - Svar ut	396 250	250 000	250 000	0	0
Helsestasjons program	1 755 793	2 351 968	2 351 968	0	88 294
Nytt Økonomi/Lønn/HR system	0	0	1 750 000	1 750 000	88 294
Agresso - Digitalisering 2019	0	0	125 000	125 000	1 059 755
Agresso M7 oppgradering	0	0	0	0	537 976
Sak/arkiv system	1 074 929	3 129 263	3 129 263	0	3 139 100
Digitalisering oppvekst	65 338	468 642	468 642	0	0
Oppvekst system	0	0	0	0	946 792
Sum fordelt	13 991 547	8 918 929	22 148 194	13 229 265	32 732 306

Brukarundersøking

I 2020 har vi gjennomført brukarundersøking for femte året på rad. Resultatet syner ei fin auke på fleire av punkta vi måler oss på, og den samla brukartilfredsleita har gått opp samanlikna med føregåande år. Dette er ei viktig undersøking for oss, då det gjer oss tilbakemelding på korleis brukarane opplever tenestene våre over tid. Det er spesielt gledeleg å sjå at vi leverer godt ut mot brukarane våre i ei tid som har vore utfordrande med nye måtar å arbeide på.

Spørsmål	Snitt SSIKT 2016	Snitt SSIKT 2017	Snitt SSIKT 2018	Snitt SSIKT 2019	Snitt SSIKT 2020
IKT-avdelingen er imøtekommende når jeg tar kontakt	4,8	5	5	5	5,1
IKT-avdelingen yter god service ved henvendelser	4,5	4,8	4,8	4,9	5,0
IKT-avdelingen har evne til å sette seg inn i aktuelle problemstilling	4,6	4,8	4,7	4,8	4,9
IKT-avdelingen viser tilstrekkelig fleksibilitet i forhold til mine behov	4,3	4,5	4,5	4,6	4,8
IKT-avdelingen er løsningsorientert	4,6	4,8	4,7	4,8	4,9
IKT-avdelingen leverer tjenester med god kvalitet	4,4	4,6	4,7	4,8	4,9
IKT-avdelingen gir svar/tilbakemelding innen det tidspunktet de har lovet	3,9	4,3	4,5	4,7	4,7
IKT-avdelingen er tilgjengelig i arbeidstiden	4,1	4,4	4,7	4,8	5,0
IKT-avdelingen er tydelige på hva de kan hjelpe meg med	4,4	4,5	4,5	4,7	4,8
IKT-avdelingen har tilstrekkelig kapasitet/tid til å imøtekommme mine behov	3,5	3,8	4,2	4,4	4,6
All i alt, jeg er fornøyd med tjenesten jeg får fra IKT-avdelingen	4,3	4,6	4,7	4,8	4,9
Snitt	4,3	4,5	4,6	4,7	4,9

Figur 2: Tal henta frå bedre kommune

Medarbeidarundersøking

Vi har gjennomført medarbeidarundersøking for fjerde året på rad. Dette gir oss verdifull informasjon om korleis dei tilsette har det på jobb. Resultatet for samla snitt har vore det same sidan vi starta med målingane, men vi ser at resultata under kvart område varierer litt frå år til år. I 2020 går vi litt ned på organisering av arbeidet, samarbeid og trivsel med kollegane og fagleg og personleg utvikling, noko som ein kan tenke er ein naturleg konsekvens av Covid-19. Det er fint å ha ei måling på dette slik at vi kan ta tak i dei områda med svakast resultat og arbeide med å forbetre oss.

Spørsmål	2017	2018	2019	2020
Organisering av arbeidet	5,0	4,6	4,7	4,6
Innhold i jobben	5,1	5,1	5,0	5,0
Fysiske arbeidsforhold	4,4	4,3	4,9	4,9
Samarbeid og trivsel med kollegene	4,9	5,1	5,0	4,9
Mobbing diskrimenring og varsling	4,8	4,9	5,3	5,3
Nærmeste leder	4,9	4,9	4,9	4,9
Overordnet ledelse	4,1	4,4	4,4	4,4
Faglig og personlig utvikling	4,8	4,9	4,6	4,5
Systemer for lønns- og arbeidstidsordninger	4,8	4,8	4,6	4,7
Stolthet over egen arbeidsplass	5,1	4,9	4,8	4,9
Helhetsvurdering	5,2	5,1	5,1	4,9
Snitt	4,8	4,8	4,8	4,8

Figur 3: Tal henta frå bedre kommune

Rapport frå avdelingane

Årsmelding 2020, avdeling driftssenter

Generelt

For avdelinga driftssenter handla 2020 om fleire interne prosjekt for å forbetre og modernisere infrastrukturen som er botnen for tenesteleveransen, nokre store fagsystemoppgraderingar, og så kjem vi ikkje bort frå den ekstraordinære situasjonen etter 12. mars 2020 med tilrettelegging for heimekontor og videokommunikasjon for så mange tilsette.

Fagsystem

- Acos Websak.
Januar og februar vart brukt til førebuing for oppgradering til Websak 8. Det var ein god del endringar som måtte testast grundig i eit nytt teknisk oppsett før driftsmiljøet kunne oppgraderast. Den planlagde oppgraderinga vart utsett til desember grunna nedstenginga av landet 12. mars, og dei ansvarlege i kommunane hadde forståeleg nok ikkje kapasitet til å gjennomføre denne oppgraderinga då. For oss førte det til ein del ekstra arbeid i november-desember, då testmiljøet måtte re-establerast for å teste på nytt. Oppgraderinga gjekk som planlagt i desember, utan særlege vanskar.
- HS Pro
I 2019-2020 vart det køyrt eit større prosjekt med anskaffing av felles journalsystem for heltestasjonane i alle kommunane. Det landa på HS Pro, test og produksjonssetting av dette gjekk føre seg i februar og mars. Det var ein del teknisk i forkant, med testmiljø, databasemigrering for dei som ikkje hadde HS Pro, og oppsett av nytt felles produksjonsmiljø.
- Gerica EPJ
Det er etablert arkivløysing for Gerica EPJ hos Documaster. Dette gjekk meir eller mindre gjennom heile året, og kravde til tider ein del timer. Løysinga frå Documaster var ikkje slik dei hadde selv den inn, og tryggleik + oppsett var ikkje slik at vi kunne gå med på det som vart føreslått. Vi landa etter kvart på ei god teknisk løysing, men ikkje før mot slutten av året. Endelig dato for produksjon vart difor ikkje før i 2021. I tillegg vart det også klargjort for og produksjonssett SvarUt/SvarInn for Gerica i 2020.
- Andre oppgraderingar
I tillegg til desse store som har fått eigne punkt, så har vi også som vanleg utført mange titals mindre oppgraderingar på mange ulike fagsystem gjennom året.

Infrastruktur

Som tidlegare år så er infrastruktur vårt største felt, og desidert det mest arbeidskrevjande. Så er det også eit viktig arbeid å halde infrastrukturen oppdatert og trygg, handtere trafikkvekst og vekst i talet på einingar som skal på nett. Vi går ikkje i detalj på kva som er gjort teknisk, men vi listar opp ein del kulepunkt av dei store tinga som er gjort gjennom året.

- Nettverk.

Som tidlegare år er veksten til dels stor, og vi har bygd ut og optimalisert mykje trådlause infrastrukturer gjennom året. Det er montert 209 nye trådlause aksesspunkt rundt omkring i kommunane, og vi har samstundes byttet ut like mange eldre aksesspunkt med nye. I samband med slike oppgraderingar er det også mykje anna infrastruktur på bygg som må oppgraderast/bytast, til dømes switchar som aksesspunktene skal koplast i.

I november-desember oppgraderte vi også det interkommunale fiberbakteinet med nye einingar. Dette var eit stort arbeid, mest på planlegging og lab. Dette bakbeinsnettet er robust og har no kapasitet til å transportere 25Gbit/s med data.

- Telefoni og videokommunikasjon.

I 2020 fekk vi også sluttført prosjektet med å avvikle gamle telefoncentralar og linjer i kommunane. All fasttelefoni nyttar no IP basert kommunikasjon, og vil vere med på å levere ein god teneste for kommunane på dette feltet i mange år framover.

Fasttelefoni-løysinga vi har vil også vere ein viktig beredskapsfaktor i tilfelle utfall av mobiltelefoni, slik vi til dømes opplevde under Dagmar. Så lenge straumaggregata på dei ulike rådhusa er operative, så vil ein kunne ringe internt på søre Sunnmøre ved hjelp av denne løysinga.

Vi etablerte løysing for videokommunikasjon frå Cisco Webex tilbake i 2017. I løpet av 2020 har bruken av dette auka enormt, av naturlege årsaker. Vi har også levert og driftssett nærmare 40 nye videorom i kommunane i løpet av 2020, noko som har vore omfattande og arbeidskrevjande.

- Brannmurklynger.

Som i tidlegare årsmeldingar, så ser de at brannmurklyngene våre stort er nemnde. Dei er svært sentrale, både for 24/7/365 tilgjenge for alt av infrastruktur- og fagsystem, men også for datatryggleiken til alle våre tenester. Talet på angrep aukar stadig, og kløkta til dei som utfører desse vert stadig betre. Det er difor eit kontinuerleg arbeid med å overvake og oppgradere denne løysinga til ei kvar tid gjennom året.

Backuplokasjon i Volda

I 2020 vart dette ferdigstilt. Romet det står i har fått seg eit betydeleg, men naudsynt, løft. Her har vi no backupserver og primær backupplagring i tillegg til spegling av lagringsløysinga på Hareid i sanntid. Romet tener også som knutepunkt for datakommunikasjon mot Volda, Fiskå og Ørsta.

- Heimekontor.

Vi kjem ikkje forbi Covid-19, når ein skal oppsummere 2020. Over natta etter den 12. mars vart det eit voldsomt trykk på å levere heimekontorløysing til dei tilsette. Vi har ein skalerbar infrastruktur og har alltid basert slik tilgang på vår Citrix-løysing. Dette gjorde at vi i løpet av dagar hadde fått dei aller fleste opp og stå med fullt fungerande

heimekontorløysing. Slik dette er bygd opp, kan ein kople seg til oss med alt frå PC, Mac/iPad og til Linux. Vi treng ikkje å eige utstyr og heller ingen installasjon av programvare for sikker kommunikasjon, slik ein ser med gammaldagse vpn-baserte heimekontorløysingar. For å gje alle ei best mogleg brukaroppleveling måtte vi også investere i to nye serverar for levering av virtuelle skrivebord. Desse var allereie på plass og i drift 24.3.

I tillegg til å kunne arbeide heime, vart også videkommunikasjon heilt sentralt. Vår løysing, Cisco Webex, var allereie teknisk på plass og operativ. Alt er svært skalerbart og i løpet ei god veke hadde alle fått tilgang til denne løysinga.

Læringskurven vart sjølv sagt bratt for alle partar her, men alle som var i kontakt med brukarstøtte var positive og læringsvillige i den ekstraordinære situasjonen alle var i.

- Sikker print.

Vi har sidan 2012 hatt løysing frå sikker print i drift, noko som er viktig. Ei slik løysing reduserer både papirbruk, og hindrar at dokument kan kome på avvegar. I tillegg leverer denne også ein teneste for gjesteprint, til dømes på bibliotek og andre stadar i kommunane der dette er eit tilbod som trengs. Løysinga frå Safecom fekk ikkje lengre oppdateringar etter 2019, og måtte difor bytast ut. Valet fell på ei løysing levert av Papercut. Arbeidet med dette kom godt i gang mot slutten av året, og vart ferdigstilt for heile oppvekstsektoren før nyttår. Det er omfattande å tidkrevjande å skulle legge om fleire enn 300 kopimaskiner og printerar, då ein må konfigurere ein og ein. Arbeidet er venta fullført i april-mai 2021.

Årsmelding 2020, avdeling brukarstøtte og prosjekt

Ved utgangen av 2020 har avdeling for brukarstøtte og prosjekt 12 tilsette fordelt på like mange årsverk. I tillegg har Søre Sunnmøre IKT ein lærling som har bestått fagprøve i 2020, med resultat bestått meget godt.

Det er 3-4 tilsette som jobbar dedikert med brukarstøtte kvar dag, det vil seie at dei bemannar supporttelefonen og e-postkøa i sakssystemet vårt. Til vanleg nyttar dei eit felles kontor på Reiten dei dagane dei har supportvakt, men i store delar av 2020 sat dei fleste på heimekontor.

Avdelinga brukarstøtte og prosjekt er fyrste kontaktpunkt for dei tilsette i kommunane. Vi arbeider for å vere tilgjengelege for dei tilsette og ynskjer at det skal vere lav terskel for å melde inn saker til oss.

I 2020 har nærmere 17 000 saker vorte registrert i vårt supportsystem. Dette er ei auke på nesten 3000 saker samanlikna med 2019. Delar av denne auka kjem nok grunna pandemien. Ved nedstenginga i mars fekk vi ei kraftig auke i talet på supportsaker, og vi hadde over 1000 saker meir enn normalt denne månaden. I denne perioden sette vi inn ekstra bemanning på support, og løyste 76 % av sakene same dag dei vart meldt inn, med gjennomsnittleg løysingstid på 0,6 timer.

Vi på brukarstøtte har alltid eit mål om å hjelpe flest mogleg ved fyrste kontakt, og vi leverer bra på det området. I 2018 løyste vi 66% av sakene same dag som dei vart meldt inn, og i 2019 var vi oppe i 67%. I 2020 har vi løyst 71% av innkomne saker same dag, med ei gjennomsnittleg løysingstid på under ein time frå saka vart meldt inn. Tilbakemeldingane frå dei tilsette rundt om i kommunane er positive, noko som syner igjen i resultata frå brukarundersøkinga.

Grunna Covid-19 har vi opplevd store problem med å få tak i datautstyr frå våre leverandørar. På eit tidspunkt var leveringstid på enkelte av våre standard pc-modellar oppe i 5-6 månader. Dette resulterte i at den vanlege bestillingsflyten til support vart øydelagd, og vi nytta mykje ekstra tid på oppfølging av saker både mot leverandør og mot kommunane.

I 2020 skulle vi gå til anskaffing av nytt brukarstøttesystem. Vi starta prosessen, men kom ikkje i mål før årsskiftet. Anskaffinga er planlagt gjennomført i 1. kvartal 2021 og innføring/driftsetting før sommaren. I den forbindelse har vi i 2020 arbeidd med å gå gjennom rutinar og brukarrettleiingar knytt til brukarstøtte. Vi ser fram til å få på plass eit nytt system der ein portal som dei tilsette kan nytte til å melde inn saker, og ikkje minst finne fram til informasjon sjølve, er heilt sentralt.

Årsmelding 2020, avdeling fagområde

Fagområde – helse og omsorg

For helsestasjon vart dette gjort i 2020:

1. Innført Visma HsPro som felles EPJ-system i Sjustjerna: Dette inneber ein høg grad av standardisering på dokumentmalar, metodeoppsett og anna systemteknisk oppsett. Som resultat er helsestasjonane i Sjustjerna no likare, og har ei betre støtte i å utføre sine tenester i tråd med nasjonale retningslinjer enn tidlegare. I tillegg er det no ein felles meldingstenar for alle sju kommunane, noko som har forenkla vedlikehald og drift for SSIKT. Det er ekstremt få feil med meldingsutveksling til og frå helsestasjonane etter at dette kom på plass.
2. Innført digital post og elektronisk arkiv: Brev frå helsestasjonen om t.d. timeinnkalling sendast no elektronisk til innbyggjarane, via KS SvarUt. Innbyggjarane får post levert via Altinn eller digital postkasse. Arkivverdige brev til og frå helsestasjonen lagrast no automatisk i arkivkjerna Visma Samhandling Arkiv (VSA).
3. Innført HelseRespons for enklare kommunikasjon med helsestasjonen: Tenesta HelseRespons frå WTW AS er innført for helsestasjonen. Dette gjer at innbyggjarar kan kontakte helsestasjonen via app eller SMS for enkle ærend som t.d. endring, avbestilling og bestilling av ny time, samt fornying av reseptar. Denne løysinga vil bli erstatta av den nasjonale fellesløysinga [DigiHelsestasjon](#) våren 2021, som gir enda meir og betre funksjonalitet for både innbyggjarane i kommunane og dei tilsette på helsestasjonane.

Prosjektet "Digitalisering av helsestasjon og skulehelseteneste" vart avslutta 31.07.2020. 8 av 10 forventa gevinstar frå prosjektet er realiserte ved utgangen av 2020.

Innan omsorg var dette dei store aktivitetane i 2020:

Implementering av nasjonale tiltak innan fagområdet:

- Corona-situasjonen medførte at nasjonale løysingar som til dømes elektronisk dødsmelding og SYSVAK nett (innrapportering av vaksiner) kom på plass.
- Bruk av Helse-ID: Pålogging til dei nasjonale registera, som til dømes Adresseregisteret NHN vart endra frå 01.12.2021.
- DigiHelse: Digital innbyggardialog via helsenorge.no har vorte utvida for alle typer tenester i alle 7 kommunene. Det betyr at alle som har ei helse- og omsorgsteneste frå kommunen og har registrert seg som brukar på helsenorge, kan kommunisere med tenesteytarane på ein sikker måte. Det er fortsatt ikkje stort volum av meldingar i denne løysinga.

Prosjekt i SSIKT:

- I samband med smittesituasjonen våren 2020 la SSIKT til rette for bruk av videokonsultasjonar for kommunalt tilsette i helse- og omsorg.
- SvarUt/Elektronisk arkiv i Gerica: Vi starta prosjekt SvarUt og elektronisk arkiv i Gerica i oktober 2020, med mål om fullføring innan nyttår. SSIKT i samarbeid med systembrukarane og arkivtilsette i kommunane har hatt førebuingsmøter gjennom hausten. Det er arbeidd med tilpassing av vedtaksmalar mellom anna. Teknisk oppsett har møtt nokre utfordringar, slik at prosjektet fortsatt ikkje er fullført.
- eLås: eLås vart teke i bruk i august 2019 med Volda kommune som pilot. Ingen fleire kommuner har ønskt å starte opp med eLås . Det har vist seg at det ikkje gir ønska gevinst sett i forhold til dei ressursane som må brukast for å få det på plass og feilsituasjonar i forbindelse med oppgraderingar. Elåsmodulen vert difor avslutta.

Drift av fagsystemet:

- Elektronisk samhandling: Gjennom året får vi stadig fleire instansar som ynskjer å samhandle med kommunal pleie- og omsorg. Desse vert sett opp fortløpende og gir rask og sikker kommunikasjon mellom helsepersonell både i offentleg og privat sektor.
- KPR/IPLOS rapportering: Helsedirektoratet har gjort endringar i innsendingsmåten også i år som krevde oppgradering av fagsystemet.
- Norsk medisinaldepot og multidose: NMD bytta avsendar av elektronisk ordinasjonskort for alle kommuner. I samarbeid med dei ansvarlege for multidose ute i kommunene kom dette på plass.
- Oppstart førebuing sertifikatbytte alle kommuner vår 2021.

Via support systemet har det kome 215 saker til helse- og omsorg i tillegg til dei som kjem direkte på e-post/telefon.

Fagområde – oppvekst

Det oppvekstadministrative systemet Tieto Education har vore vektlagt også i 2020. Det byrjar å bli godt integrert i skulane, medan barnehage og SFO så smått er i gang i fleire kommunar. Vi har også i år hatt kursing både for lærarar og for barnehage/SFO.

I løpet av året har vi starta arbeid med innføring av desse funksjonalitetane:

- Arkivintegrasjon mot administrasjonssystemet – Arkivering av ulike rapportar, til dømes klasselister, vitnemål og opptaksprosessen for barnehage og SFO.
- Arkivintegrasjon mot Sikker Arbeidsflyt i skulen – Automatisk arkivering av sensitiv dokumentasjon etter at leiar har godkjent dokumenta.
- Sikker arbeidsflyt for barnehage – Ei arbeidsgruppe har utarbeida dokumentmalar slik at også barnehagane skal få tilgang til å nytte modulen for sensitiv dokumentasjon.
- Inn- og utsjekking av barn i barnehage og SFO – Einingane har fått eit eige grensesnitt som viser oversikt over barna pr. avdeling og om desse skal vere tilstade inneverande dag. Ein kan også enkelt «klikke» barna inn når dei kjem, og ut når dei går.

På slutten av året gjorde vi innkjøp av nye funksjonalitetar, som skal innførast i løpet av 2021. Innkjøpet er gjort med mål om å lette arbeid rundt kommunikasjon med heimen.

- Utviklings-/foreldresamtalar – Dei tilsette vil kunne tildele eksakte tidspunkt eller gjere ulike tidspunkt tilgjengeleg for booking. Føresette får tilgang til dette via TietoEdu (føresettappen).
